



ULSTEIN KOMMUNE

# Utkast til planprogram

Kommunedelplan for levekår 2020-2032



Vedteke i Ulstein kommunestyre sak XX/XX

xx.xx.20xx

Sist revidert 11.07.2019

[www.ulstein.kommune.no](http://www.ulstein.kommune.no)

## Innhold

1. Bakgrunn .....	2
2. Planprogram .....	2
3. Formål med planen .....	2
4. utfordringar og visjon .....	3
5. Organisering og mandat .....	3
6. Medverknad .....	4
7. Framdriftsplan .....	5
8. Føringar for arbeidet .....	5
8.1. Nasjonale føringar .....	6
8.2. Regionale føringar .....	7
8.3. Lokale føringar .....	7
Vedlegg 1 .....	8

## 1. Bakgrunn

Dagens kommunedelplan for levekår gjeld frå 2013-2020. Planstrategien for Ulstein kommune 2015-2019 la opp til ei revidering av gjeldande plan i 2018. Sidan 2013 har sektorane teknisk, helse og omsorg, oppvekst og kultur endra seg. Mål og tiltak som vart utarbeida i 2013 har i stor grad vorte gjennomført og delar av levekårsplanen vart tatt opp i Samfunnsplanen 2017-2029. Situasjonsbiletet av Ulstein kommune har også endra seg over tid, med aukande folkesetnad og stor byggeaktivitet i sentrum. Dette gjev nye utfordringar og moglegheiter for Ulstein-samfunnet. Det er difor naudsynt at levekårsplanen vert rullert under åra 2019-2020. Det vert lagt til grunn at ny kommunedelplan for levekår, skal vera gjeldande for perioden 2020-2032.

## 2. Planprogram

I plan og bygningsloven § 12-8 vert det stadfesta at planprogrammet skal vere eit verktøy for å sikre tidleg medverknad og avklaring av viktige omsyn som må takast med i planarbeidet. Det skal angi formålet med planarbeidet, peike på viktige problemstillingar og utredningsbehov for skildre korleis planarbeidet er tenkt gjennomført. Interesserte vert bedne om å kome med innspel og synspunkt til planprogram gjennom offentleg ettersyn før det vert fastsett av formannskapet. Etter at det endeleg planprogrammet er fastsett skal arbeidet med levekårsplanen gjennomførast og fullførast.

## 3. Formål med planen

Levekårsplanen skal fungere som eit overordna styringsverktøy for utviklinga i sektorane helse og omsorg, kultur, oppvekst og teknisk. Planen skal angi kva strategi kommunen har for framtidens tenester i sektorane. Strategien skal omfatta:

- Konkretisere situasjonen innanfor dei planområda som planen omfattar.
- Planen skal gje konkrete framlegg til tiltak, strategiar, og prioriteringar for å nå måla.
- Planen skal leggja grunnlag for vidare samarbeid internt i kommuneorganisasjonen, og mellom kommune og eksterne samarbeidspartnar.
- Ha betyding for utvikling og prioritering av tenester, anlegg og bygg, som skal konkretiserast i handlingsplanar, årsplanar og budsjettdokument.

Planen skal omfatte områda som ligg under tenesteområder barnehage, skule, helse og velferd, bu og habilitering, omsorg og rehabilitering, kultur og teknisk. Framfor å utarbeide separate sektorplanar har ein valt å utarbeide ein plan som ser på levekårsfeltet i samanheng og over eit lengre tidsrom. Levekårsplanen er såleis tenkt som ein plan som følgjer innbyggjarane i Ulstein kommune gjennom heile livsløpet. Det vert lagt til grunn at ny kommunedelplan for levekår, skal vere gjeldande i tolv år. Strategival krev ei heilskapleg planlegging over tid. I samband med utarbeiding og revidering av kommunal planstrategi vil det kvart fjerde år verte vurdert om kommunedelplan for levekår skal rullerast eller reviderast.

Kommuneplanens samfunnsdel 2017-2029 har m.a. sett ned mål og strategiar som omhandlar kultur, befolkning, levekår, opplæring, utdanning og tettstad- og arealutvikling. Desse må ligge som grunnstamma for arbeidet med levekårsplanen. Og i levekårsplanen må det vurderast korleis strategiane kan vidareutviklast for at vi skal nå måla som er sett ned i samfunnsdelen.

## 4. Utfordringar og visjon

I planstrategi 2015-2019 blei det sagt om rullering av levekårsplanen:

*Denne omfattar store kommunale tenesteområder som oppvekst, helse, omsorg, sosial og kultur. Planen trekkjer fram viktige arenaer, både eksisterande og under planlegging, og arrangement som er med å engasjere befolkning allereie frå ung alder. I samband med dette skal det gjennomførast ein samfunnsanalyse som er meint å tene som ein referanseramme. Det skal kartleggast kva som har vore typiske utviklingstrekk for Ulstein kommune og kva som kan forventast å bli utviklinga framover, samt tilhøyrande utfordringar og konsekvensar for den kommunale produksjonen av tenester.*

*Planen har som mål å skape samhandling og tverrsektorielt samarbeid for å skape gode løysingar for utviklinga av lokalsamfunnet. Ved rullering skal mindre planar som tema- og sektorplanar innlemmast i Levekårsplanen.*

Ei samfunnsanalyse om utviklingstrekk og forventa utvikling kan vere eit omfattande arbeid. Det vil difor vere fokus på å bruke mykje av bakgrunnsinformasjonen vi allereie har for å lage ei slik analyse.

Det har lenge vore ein tendens at staten overfører nye oppgåver til kommunen, utan å auke ressursfordelinga. Det er forventa frå nasjonalt hald at kommunen set eit fokus på digitalisering, berekraftig utvikling, universell utforming og aldersvenlege lokalsamfunn for eldre og unge med fleire. Resultat frå Ungdata-undersøkinga viser at Ulstein kommune har lokale utfordringar med ei auke i psykiske helseproblem, aukande vald i skulen og fleire unge opplev trugande situasjonar i skulen. Levekårsplanen skal vera eit verktøy for å møte dei ulike utfordringane på tvers av sektorar, med fokus på forbetring av Ulstein samfunnet. Gjennom å følgje folkesetnaden gjennom livsløpet vil ein få ei heilskapleg samfunnsutvikling som avgrensar og reduserer utfordringane i Ulstein-samfunnet.

## 5. Organisering og mandat

Formannskapet i Ulstein kommune godkjende 18.06.2019, sak 80/19, oppstart av arbeidet med levekårsplanen 2020-2032. Planen skal ha status som ein kommunedelplan og planen skal leggjast fram for kommunestyret juni 2020. Levekårsutvalet vert styringsgruppe for planprosessen. Dei får fullmakt til å godkjenne planprogram, leggje ut planframlegg til offentleg ettersyn og elles ha funksjon som administrasjonen sitt næraste politiske rådgjevings- og avgjerdsorgan i prosessen. Den administrative prosjektgruppa består av:

Marit Botnen, kommunalsjef helse og omsorg

Jarand Holtekjølen Dugstad, interkommunal samfunnsplanleggar

Gry Nordal, kommunalsjef oppvekst

Leif Ringstad, kultursjef

Cecilie Roppen, planleggar

Andre kan verte engasjert ved behov. Planen skal også omfatte samarbeid med eksterne partar og frivillige lag og organisasjonar innafor desse områda.

## 6. Medverknad

Demokratiseringa av offentleg verksemd har vore eit mål for regjeringa over lang tid. Gjennom plan- og bygningsloven paragraf § 5-1 er det stadfesta at planforslag skal leggje til rette for medverknad. Dette betyr blant anna at innbyggjarane skal konsulterast i planarbeidet.

Aktivering av innbyggjarane i kommunen er avgjerande i å gje verdifulle innspel i kartlegginga av Ulstein-samfunnet. I følgje plan- og bygningsloven har kommunane eit særskilt ansvar for brei medverknad, der Ulstein kommune vil nytte seg av plattformar, der alle grupperingar i Ulstein-samfunnet skal kunne gje innspel. Innspel, synspunkt, merknadar vil verte tatt til vurdering.

I denne valperioden har det vore gjennomført folkemøte i alle krinsar i perioden februar/april. Det vil vere gunstig å ha planframlegget klart til offentleg ettersyn slik at det kan presenterast og med høve til innspel og merknader i tilknytning til folkemøta om dette blir vidareført på same måte i komande valperiode.

Under arbeidet med den fyrste levekårsplanen (2013-2020) utførte Ulstein kommune kafé-møter med innbyggjarane, dette vart motteke positivt av folkesetnaden. Tanken bak «kafé-metoden» er at dialog med innbyggjarane er mest produktiv i trygge og avslappa omgjevnader, gjennom uformelle og opne samtalar. Ved at samtalanene har eit klart mål og ein struktur, vil det verte produsert gode resultat. Med seg til kvar samtale tar ein med seg innsikter frå førre møte, dette bidreg til at deltakaren får nye tankar og ser fleire samanhengar undervegs i samtalanene. Arbeidsforma er fleksibel, noko som gjev både innbyggjarane og kommunen eit godt bilete over idémyldringar og tankar. Kafé-møta vil ha ei fast tidsramme og vere strukturert gjennom fire møter.

Det fyrste møte er det ein gjennomgang av overordna planverk og målsettingar for levekårsplanen. Det fyrste møtet skal utarbeide eit notat for no-situasjonen til Ulstein kommune.

Det andre arbeidsmøtet skal arbeidar vidare med no-situasjonen og utfordringar innom dei ulike driftsområda. Konklusjon frå gruppene vert presentert og dei ulike gruppene får utveksle sine meiningar.

I det tredje møtet arbeidar ein vidare med å finne løysingar for utfordringane frå møte to. Arbeidsgruppene vert blanda så ein får ei tverrfagleg tilnærming. Konklusjon frå gruppene vert presentert og dei ulike gruppene får utveksle sine meiningar.

Under det fjerde og siste møtet arbeidar ein gruppevis, inndelt i sektor, med å konkretisere tiltak ut i frå konklusjonane i møte nummer tre. Konklusjon frå gruppene vert presentert og dei ulike gruppene får utveksle sine meiningar. Sluttdiskusjonen vil leggje til grunn for val av strategiar og tiltak i handlingsdelen av levekårsplanen.

### Arbeidsgrupper

Prosjektgruppa vil sette ned temabaserte og tverrfaglege arbeidsgrupper i arbeidet, som skal arbeide med det faglege innhaldet i planen og systematisere materialet frå det eine møte til det neste. Møte to, tre og fire startar med ei oppsummering frå førre møte. Det er særskilt viktig at deltakarane er med på alle fire møta. Difor vert det lagt opp til at møta vert gjennomført i løpet av fire til seks veker og at møta vert gjennomført med ei tidsramme på tre timar frå 17 til 20. Det er tenkt eit utval av personar frå dei ulike sektorane: Kultur, Helse og omsorg, oppvekst og teknisk. Sjå vedlegg 1 for

organisasjonskart. Det er ynskjeleg med brei medverknad difor vil frivillige lag og organisasjonar, ungdomsrådet, fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, samt andre interessegrupper bli invitert til arbeidsgruppa.

## 7. Framdriftsplan

Juni 2019	-Formannskapet godkjende oppstart av levekårsplanen 2020-2032. -Oppstartsmøte med administrativ gruppe.
Juli 2019	-Framlegg planprogram ferdigstillast. -Sende ut planprogram for høyring og offentleg ettersyn i 8 veker. -Annonse i Vikebladet. -Utsending til høyringsinstansar.
August-November 2019	-Arbeide med samfunnsanalyse.
Oktober	-Gjennomgang med styringsgruppa -Fastsetting av planprogram
Desember-Februar 2019-2020	-Utarbeide planforslag. -Hente inn deltakarar til planarbeidet. -Kafé-møter med innbyggjarane.
Februar-April 2020	-Gjennomgang med styringsgruppa -Leggje ut planutkast til off. ettersyn. -Utsending til høyringsinstansar. -Sende planforslag på høyring og offentleg ettersyn i 6 veker. -Folkemøter i krinsane (dersom dette blir gjennomført som tidlegare)
Mars-April 2020	-Arbeide med innspel. -Justere plan mot innspel.
Juni 2020	-Gjennomgang med styringsgruppa -Plan til godkjenning. -Kunngjering av levekårsplanen.

Framdriftsplanen vil kunne bli endra undervegs.

## 8. Føringar for arbeidet

FNs berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikheit og stoppe klimaendringane innan 2030. Sjølv om fleire av måla er oppnådd i Norge må det likevel jobbast mot å nå alle måla. Eit av hovudprinsippa i berekraftsmåla er at ingen skal utelatast. Dei mest sårbare menneska må difor prioriterast.

Plan- og bygningslova legg dei ytre rammene for korleis kommunen skal planleggje for utvikling. Planlegging skal sikre openheit, medverknad, langsiktige løysingar, konsekvensar for miljø og samfunn. Lova framhevar prinsippet om universell utforming, omsyn til born og unge sine oppvekstvilkår og estetisk utforming av omgjevnad. Levekårsplanen vil ikkje gje kartfesta rammer eller retningslinjer for framtidig utbygging. Planarbeidet vil såleis ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing, jf. PBL. §4-2.

Barnehageloven (2005) regulerer barnehagane i Norge. Loven gjeld for både private og offentlige barnehagar. Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne eigenverdien som ligg i barndommen. Barnehagen skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og vere ein utfordrande og

trygg stad for fellesskap og venskap. Det er kommunane sitt ansvar å byggje og drive barnehagar, eller å gje støtte til slike. Kommunen har vidare plikt til å sjå til at det finnast tilstrekkeleg tal barnehageplassar for barn under opplæringspliktig alder, og at utbyggingsmønster og driftsform er tilpassa lokale forhold og behov.

Opplæringsloven (2017) gjeld grunnskuleopplæring og vidaregåande opplæring i offentlege skular og lærebedrifter dersom ikkje noko anna er særskilt fastsett. Loven gjeld også for grunnskuleopplæring i private grunnskular som ikkje får statstilskot etter privatskulelova, og for privat heimeopplæring i grunnskulen.

Helse- og omsorgstenesteloven (2016) gjeld for helse- og omsorgsteneste som vert ytt i ein kommune. Loven skal sikre at kommunar, fylkeskommunar og statlege helsemynde set i verk tiltak og samordnar sine verksemder i folkehelsearbeidet på ein forsvarleg måte. Loven skal legge til rette for eit systematisk og langsiktig folkehelsearbeid.

Folkehelseloven (2011) forpliktar kommunen til å ha naudsynt oversikt over helsetilstanden i befolkninga, og dei positive og negative faktorane som kan verke inn på folkehelsa. Oversikta skal inngå i kommunal planstrategi og kommunen sitt langsiktige planarbeid. Loven skal sikre at kommunar, fylkeskommunar og statlege helsemynde set i verk tiltak og samordnar sine verksemder i folkehelsearbeidet på ein forsvarleg måte. Loven skal legge til rette for eit systematisk og langsiktig folkehelsearbeid.

## 8.1. Nasjonale føringar

- Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver. Kunnskapsdepartementet
- Meld. St. 19 (2015–2016): Tid for lek og læring — Bedre innhold i barnehagen
- Meld. St. 18 (2010-2011): Læring og fellesskap: Tidlig innsats og gode læringsmiljøer for barn, unge og voksne med særlege behov
- Meld. St. 22 (2010-2011): MotivasjonMestring- Muligheter (Ungdomsskulemeldinga)
- Meld. St. 45 (2012-2013): Frihet og likeverd- Om mennesker med utviklingshemming
- Meld. St. 16 (2015-2016): Samordnet innsats for voksnes læring.
- Meld. St. 26 (2014-2015) Fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet
- Meld. St. 28 (2015-2016): FagFerdypning- Forståelse; En fornyelse av Kunnskapsløftet
- Meld. St. 29 (2012-2013) Morgendagens omsorg
- Meld. St. 30 (2011-2012) Se meg! En helhetlig rusmiddelpolitikk
- Meld. St. 25 (2005-2006) Mestring, muligheter og mening
- Meld. St. 16 (2010-2011) Nasjonal helse og omsorgsplan (2011-2015)
- Meld. St. nr. 20 (2006-2007) Nasjonal strategi for å utjevne sosiale helseforskjeller
- Meld. St. 19 (2014-2015). Folkehelsemeldingen mestring og muligheter
- Meld. St. 26 (2014-2015). Fremtidens primærhelseteneste – nærhet og helhet
- Meld. St. 10 (2012-2013). God kvalitet – trygge tjenester
- Meld. St. 15 (2017-2018). Leve hele livet, en kvalitetsreform for eldre.
- Meld. St. 21 (2016-2017). Lærelyst-tidlig innsats og kvalitet i skolen.
- Omsorg 2020. Regjeringens plan for omsorgsfeltet 2015-2020
- Lov om sosiale tjenester i NAV
- Diskriminerings- og tilgjengelighetsloven

- Helseberedskapsloven Nasjonale mål og prioriteringer på helse og omsorgsområdet 2015 (Helsedirektoratet) Flere år – flere muligheter.
- Regjeringens strategi for et aldersvennlig samfunn (2016)
- Introduksjonslova (2003) Levekårsstatus for personer med nedsatt funksjonsevne
- Regjeringas handlingsplan for universell utforming og økt tilgjengelegheit 2009- 2013.
- Demensplan 2020. Regjeringen.

## 8.2. Regionale føringar


- Regional planstrategi for Møre og Romsdal 2016-2020
- Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017- 2020
- Handlingsprogram for kompetanse 2016. Møre og Romsdal fylkeskommune
- Handlingsprogram for kultur 2016. Møre og Romsdal fylkeskommune
- Regional delplan tannhelse. Møre og Romsdal fylkeskommune
- Regional delplan for folkehelse 2014- 2017. Møre og Romsdal fylkeskommune
- Barnebyks. Ei kartlegging av barn og unge sine oppvekstvilkår i Møre og Romsdal 2016
- Handbok for arbeidet med dei gjennomgåande perspektiva i Fylkesplan 2013-2016. Møre og Romsdal fylkeskommune.

## 8.3. Lokale føringar

- Kommunedelplan idrett og fysisk aktivitet 2015-2018, Ulstein kommune.
- Barnehageplan 2018-2024, Ulstein kommune.
- Skulebehovsplan 2016-2030, Ulstein Kommune.
- Kvalitetsplan for grunnskule, 2016-2019, Ulstein Kommune.
- Strategi for innbyggardialog 2018, Ulstein kommune.
- Bustadsosial handlingsplan 2016-2019, Ulstein Kommune.
- Folkehelseoversikt 2015-2019, Ulstein kommune.
- Ulstein 2046, strategiar og tiltak for sentrumsutvikling, Ulstein Kommune.
- Ungdata Ulstein 2019
- Folkehelseoversikt 2019
- Folkehelseprofil
- Kvalitetsmelding – grunnskulen 2018



## Vedlegg 1



Ulstein kommune sitt organisasjonkart.